

FITJAR KYRKJEBLAD



FITJAR KYRKJE
150 ÅR



Nr 6
DESEMBER 2016
ÅRGANG 39



DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tyrsdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825
olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Friðleif 471 76 743
frly@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Fyllingen, Silje 456 11 480
sfyl@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Skumsnes, Kristian 992 23 972
Brenne, Birgitte 971 29 569
bibr@fitjar.kommune.no

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet
(Skriv om du vil øyremærke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Redaksjonelt

Tonen fra Betlehem

(Per Nordstrand)

*Hører du tonen fra Betlehem?
Den kommer til oss på ny i kveld.
Bringer en hilsen fra Frelseren.
Hilsen om glede og fred.*


*Tonen som hørtes fra Himlen kom.
Båret av engler med sang fra Gud.
Barnet i krybben dens budskap var.
Han er vår glede og fred.*

*Hør, en hilsen lyder.
Tenk, nå er det juletid.
Himmelrikets konge, kommer til oss.*

*Hørte du tonen, Maria?
Midt i din smerte og kamp den lød.
Var det en hilsen fra Himmelen?
Hilsen om glede og fred.*

*Julenatten lyste!
Hyrder kom til stallen inn.
Ventetid var omme.
Mørke ble lys.*

*Enn lyder tonen fra Betlehem.
Den kommer til oss på ny i kveld.
Bringer en hilsen fra Frelseren.
Nåde for liten og stor.
Frelse for alle som tror.*



"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset
Postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Friðleif Lydersen
Karvel Strømme
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfsnes
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 10. februar til
kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 22. februar. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkommen til å senda det til oss.

Trykk: Nils Sund Boktrykkeri AS



Julehelsing frå biskopen *«Den gode arven frå Martin Luther»*

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 tesar mot avlatshandelen. Dermed starta den rekkja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre ikkje berre kyrkjelivet, men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Halvor Norhaug

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000 er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogeleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «...at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt

med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, utsjånad og sosial status. Her blir kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden.

Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Våre gode gjerningar er i høgaste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortene og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelysten, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdifullt. Det gjeld særleg det hatske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.



Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.



Julekonsert i adventstida

For tredje gong tok Marianne Juvik Sæbø turen til Fitjar for å varma førjulshjarta våre i adventstida. Med seg hadde ho GospelCompagniet, baryton Arne Pareli og pianist Terje Kleppe. Ei fullsett kyrkje tok imot dei i eit kyrkjerom pynta til jubileum av utallige villige dugnadshender.

T: Anne Hardeland F: Torbjørn Hovland

Konserten starta med eit nynnande ensemble opp gjennom kyrkjegongen. Stille, stemningsfullt og varmt skapte dei forventning til det me skulle få høyra. Og dei heldt fram med den eine juleperla etter den andre. Dei var der alle, «Stille natt», «Mitt hjerte alltid vanker», «Et barn er oss født», «Jeg synger julekvad» og mange fleire. Vakkert, inderleg, klangfylt og mjukt framført med flotte arrangement og variert, klokkeklårt akkompagnement av Terje Kleppe.

Salmane vart fint bundne saman med små historiar, og dei to solistane veksla på å tolka sine favorittar i nydeleg samklang med koret.

I den kjende «The Prayer» («Bøn»), som handlar om at Gud må leia oss og gje oss fred, fekk barytonen koma til sin rett i duett med Marianne, og hans fyldige register tilførde melodien ein ekstra dimensjon i høve til tenorane me er vande med.

Gjennom heile konserten sto tekstane i fokus og vart framførde med inderleg varme og god diksjon. Ikkje ein tone eller ord gjekk oss forbi. «Gospelsunden» kom fram til fulle då koret stemde i med ein rytmisk versjon av «Salige visshet». Og me var samd med Marianne om at dette må vera Norges beste gospelkor. Enno ei perle var den nye julesalmen «Tonen frå Betlehem» skriven av lensmannen i Austevoll Per Nordstrand og tonesett av Terje Kleppe. Den sistnemnde fekk også prøva seg som jazzpianist i «Merry Christmas» med Arne Pareli. Også «Panis angelicus» og «Adeste fidelis» var med.



Tolkninga av «O, Helga natt», med kor og begge solistane, var strålende; kraftfullt, mektig og utruleg vakkert. Det same var Andrea Crouch sin jubelsong «My tribute», også med heile ensemblet.

Som avslutning fekk me ein neddempa melodios versjon av «Det er makt i de foldede hender» før me alle fekk vera med i fellesskapet og syngja «Deilig er jorden».

Kvelden var fylt av tonar og tekstar som rørde oss og fylde oss med andakt og hjartevarme. Det var gjennomgåande kvalitet heile kvelden med stadig veksling mellom det mektige og det nedtona. Vakkert, vart, inderleg og ekte. Og julestemninga let ikkje venta på seg.

Ved utgongen fekk me høve til å gje ei gåve til «Misjon uten grenser» som deler ut gåvepakkar til vanskelegstilte i jula. Noko som er tradisjon ved alle Marianne Juvik Sæbø sine julekonsertar. Det kom inn 16.290 kr.

Igjen tusen takk til temakveldgruppa som gav oss denne uforgløyemelege kvelden med både fred og jubel i ei travel førjulstid.



Lys vaken

3. - 4. desember var det Lys Vaken i kyrkja vår. 29 born og 6 leiarar fylte kyrkja med liv og røre frå kl. 16 på laurdag, til gudstenesta var ferdig på søndag.

Silje Fyllingen

Vi førebudde gudsteneste, leik, åt god lasagne, såg film og hadde kveldssamling med bønnevandring.

Så var det sovinga da. Nokre trudde at Lys Vaken betydde at dei skulle vere vaken heile natta, så dei vart nok litt skuffa då det viste seg at dei måtte sove litt òg. Men då klokka bikka 04.00 sov dei fleste.

Søndagen hadde vi ei fin gudsteneste der alle borna var med og bidrog på ein flott måte både med song, bøner og drama.

Vi gler oss allereie til neste år!



Kulturprisen til Temakveldgruppa



Kyrkjebladet gratulerer Temakveldgruppa med velfortent pris.

På bilete ser vi f.v. Hildegunn Aadland, Eli Simonsen, Anne Britt Tornes og kultursjef Bente Bjelland, som gav gruppa melding om at dei fekk kommunen sin kulturpris.

Benedicte Meyer var ikkje til stades då bilete vart teke.

Foto: Håkon C. Hartvedt



Dugnadsarbeidet i kyrkja

Med utgangspunkt i at det skal koma nytt orgel i kyrkja i jubileumsåret, har det pågått eit storstilt dugnadsarbeid der i haust. Kyrkjebladet tok ein tur opp dit for å ta ein prat med to av dei som har stått i spissen for dette, Eirikur Arason og Nils Ingmar Hageberg.

Anne Hardeland

For å få plass til det nye orgelet, måtte galleriet utvidast og forsterkast. Fundament vart støypt i kjellaren før stålarbeid og snekring kunne setjast i gong. Samstundes var planen at taket i kyrkjerommet og det nye galleriet skulle målast. Men sidan dei likevel hadde stillas oppe, måla dei like godt heile kyrkja med det same. Primus motor for dette har målarmeister Eirikur Arason vore. «Han har vore heilt utruleg til å stilla opp», seier Nils Ingmar. «Han har sett mål, tilrettelagt for rekkefølgje og utføring og har hatt kvalitetskontroll på arbeidet.» Etter kvart som arbeidet skreid fram, oppdaga dei stadig nye stader der det trongst eit strøk måling, og utfordringa er å seia stopp, fortel Eirikur. Ved at sprekkar vert tetta vil det innverka positivt på både akustikk og varme.

Då Nils Ingmar Hageberg fekk høyra om dugnaden allereie i august, melde han seg straks til innsats. Han har m.a. koordinert og lagt til rette for arbeidet. «Det har vore eit «styrt kaos»», seier Eirikur med eit smil. Det har vore i overkant av 80 frivillige med, frå mange ulike yrkesgrupper. Målarar, elektrikarar, stålarbeidarar, «sveisenesfolk», snikkarar, røyrleggjarar, mange konsulentar frå arkitektur til akustikk, og etter kvart vasking og rydding. Stillas, verkty og alt anna utstyr dei trong har dei fått låna gratis, og har fått god pris på innkjøp av materiale. Olav Aarskog og Engevik & Tislevoll har hatt hovudansvar for snikkararbeidet, og dei sistnemnde har hatt HMS-ansvar. Harald Engevik har stadig vore oppe og sett om dei. Det som står att no, er å montera orgelet, gjera ferdig galleriet og måla ein del. Men etter planen skal alt vera ferdig i mars. Dei som har rekna på det meiner at verdet av arbeidstimar, gratis utstyr og god pris på materiale vil kunna dreia seg om eit par millionar.



Dei to pensjonistane som har vore på plass kvar dag frå 9-16, ofte med stillasbygging om kvelden i tillegg, har opplevd det som svært meningsfylt å vera med på dette. Dei har blitt kjende med nye folk, har oppretta venskap og har kjent på fellesskapet i dugnaden. Ikkje minst har matstunda vore god, det har ikkje gått med få brød, og det har vanka både kaker, graut og bollar servert av omsorgsfulle damer. Mange, også av kyrkjelege tilsette, har vore innom med oppmuntrande ord og inspirasjon. Særleg vil dei nemna kantor Jan Overweg og kyrkjevevjer Harald Rydland som har kome med optimisme og gode innspel heile vegen og vore viktige støttespelarar. Mange fleire har òg vore innom og bidrege. Det kjennest godt at mange i bygda har gitt uttrykk for takksemd og glede over det som vert gjort.

Ingen av dei to ønskjer fokus på seg sjølv, men understrekar sterkt at det heile tida har vore eit lagarbeid. Samarbeidet har gått på skinner, og dei har sett stor pris på fellesskapet. Men me veit jo kor viktig det er i eit så stort prosjekt at nokon har oversikten og kan koordinera arbeidet. Og dei fortener begge ei stor takk for den einestående innsatsen dei har gjort i denne prosessen både praktisk og med tilrettelegging. Kyrkja vår, det viktigaste huset i bygda, er no nyoppussa og vakker, med nytt orgel i vente. Og me gler oss til alt som skal skje i jubileumsåret. Ei varm takk til alle som har brukt av tid og krefter i dette kraftløftet i kyrkja si historie!



«Eit smykke av ei bok»



SÅ FAST EI BORG
Fitjar kyrkje 150 år



Kyrkja vår har neste år 150-års-jubileum, og det skal feirast på mange måtar. Ein av dei er ved å gje ut ei jubileumsbok, «Så fast ei borg», der me får innsyn i kyrkja si historie, sjølv bygningen og kristenlivet i Fitjar.

Anne Hardeland

10. november var det bokslepp, og der skulle me bli litt kjent i boka gjennom tekst og bilete. Dette vart fint samanbunde av «Kyrkja ho er eit gammalt hus» framført av Tom Rydland med song, akkompagnert av Harald Rydland.

Kjetil Rydland har vore redaktør for boka, Aud Gloppen har hatt design og Per Egil Larsen har stått for fotoopplegget. Kjetil rosa og takka alle dei medverkande for godt samarbeid og deira bidrag til det flotte resultatet.

Ein etter ein gav bidragsytarane oss ein smakebit av ulike tema i boka. Magnar Kloster fortalde litt om den gamle steinkyrkja og om vår noverande kyrkje si

historie, illustrert av flotte bilete. Trygve Eiken gav eit innblikk i lekmannsarbeidet frå 1845 til no. Særleg Indremisjonen sitt årsmøte samlar mange. Ein gong var det eit hundretals båtar på vika og 10.000 menneske var til stades. Svært mange har vore engasjerte i kyrkje og samfunnsliv opp gjennom åra, og dette kan me lesa om i boka. Frå Harald Johan Sandvik fekk me referert frå gamle soknerådsmøte gjennom 95 år, og om markante personar i kristenlivet. Særleg framheva han Paul Lillenes som hadde gjort eit stort arbeid. Spennande og interessant å høyra kva dei var opptekne av på den tida.

I 1862 vart Fitjar skild frå Stord i eige prestegjeld, og då dei fekk ny kyrkje, sette kyrkjelyden si ære i å fylla den med bøn og lovsong, fortalde Herman Inge Aadland. Han refererte m.a. frå eit brev skrive av presten Crøger, sokneprest frå 1870 til 1878, som fortel at Fitjar var hans første kjærleik. Crøger skildrar folkeliv, kristenliv, natur,

fattigstell og omsorg. Og han forgyller Fitjar som eit ideal av ein

kyrkjelyd. Dette brevet kan ein lesa i boka. Hermann Inge tok også med soger frå krigen, formidla av Jakob Vik, og minnst m.a. mangeårig klokkar Ivar Vik.

Stor takk til alle aktørane vart boren fram av leiar i fellesrådet, Rasmus Fitjar, for alt dei har funne fram og skrive på ein så lettfatteleg og god måte. Ordførar Wenche Tislevoll gratulerte frå Fitjar kommune med den kjempefine boka. «Kyrkja er det viktigaste huset i bygda, der me møttest i sorg og glede, helg og kvardag, og denne boka er for heile kommunen», heldt ho fram. Soknerådsleiar Helga Olsen Aadland tykte det var kjekt at me og fortida vår vart knytt saman på ein så fin måte. «Ei strålende bok trong ein strålende presentasjon, og det har det blitt!» meinte ho. Og alle aktørane denne kvelden saman med Aud Gloppen, Per Egil Larsen og Eli Nerbø Simonsen som leia arrangementet, fekk sine velfortente roser før me kunne slappa av med kaffi og kaker i foajéen og kjøpa dette «smykket av ei bok» som Eli avslutta presentasjonen med.

**Jubileumsboka for Fitjar kyrkje
får du kjøpt her:**
Thea Træet AS, Fitjar
SunnBok, Stord
<http://www.kyrkja.no/fitjar>



Min julesalme

Jon Arvid Skumsnes:

- «For meg er julasalmen utan tvil: Deilig er jorden».

John Arvid Skumsnes er ein opp-tatt mann, så me nyttar oss av dei digitale hjelpemidla når me skal kommunisera om julasalmen hans, og det går via e-post og face-book. Elles veit eg jo at han set stor pris på song og musikk, for me er jo songarbrør på 2. tenor i Osternes mannskor.

T: Karvel Strømme

Me har jo så mange julasangar og julasalmar, seier John Arvid vidare, men for meg er «Deilig er jorden» den finaste og kjæraste julasalmen. Han blir nesten alltid sunge på slutten av julafestar og andre julatilstellingar, og det er ein tradisjon eg set stor pris på.

Eg hugsar godt at eg hørde og såg Sølvgutane syngja «Deilig er jorden», når dei song jula inn på TV, då eg var liten gut. Og denne julasalmen vart sjølvst og sunge på badna-festen i Osterneset, når dei gjekk rundt julatreet. Eg gjekk ikkje rundt treet sjølv i den tida, men eg sat og følgde godt med. Og sidan har han følgd meg opp gjennom åra.

Salmen har ein tekst som fortel kva jula eigentleg handlar om, og så har han ein flott melodi. Dette er salmen som får meg i skikkeleg julastemming, og då tenkjer eg på alle sidene av julastemminga, også lukta av pinnekjøtt. Og sidan eg syng i mannskor, så må eg få seia at «Deilig er jorden» for meg har same



status som når mannskor et syng «Når fjordene blåner» i kyrkja 17. mai: Kvar av dei er med på å gje dag og høgtid ein ekstra dimensjon!

Dei aller fleste kan teksten til denne salmen, og då blir det ekstra fint at alle kan syngja med. Til slutt vil eg uttrykkja eit håp om at me kan få behalda dei gode tradisjonane rundt jul og julafeiring.

Deilig er jorden

(B. S. Ingemann - 1850)

*Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
Skjønn er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre
riker på jorden
Går vi til paradys med sang.*

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang,
aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.*

*Englene sang den
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig frelser født!*

JULEFEST

for små og store på
Fitjar Bedehus
fredag 30. desember
Kl. 17.00



Søndagsskulen
med søndagsskuleungane, Bibelagentane
og Bibelgjengen deltek

Andakt
ved Elisabeth Fauskanger

Servering
av enkel skjevemat og kaffimat

Juletregong
akkompagnert av messingblåsalarar

Kollekt
ALLE
er hjarteleg
VELKOMNE!

Arr: Fitjar søndagsskule

BABYSONG (påmelding) OG SMÅBARNSTREFF

På Fitjar bedehus tysdagar kl. 10.30 - 12.00

Våren 2017

24/1, 7/2, 21/2, 7/3,
21/3, 4/4, 18/4, 2/5
Ta med niste, kopp,
tøflar, ev gulpeklut.

VELKOMEN!

Kontakt:

975 28 001 (Helga)

976 25 833 (Astrid)

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no





Diakoni - nestekjærleik i praksis

Olav: 906 38 825 - Friðleif: 471 76 743

Friðleif Lydersen

Besøkstenesta

I Fitjar sokn har vi ei diakoninemnd som har forskjellige tilbod til folket i soknet. Eit av dei tilboda er besøkstenesta. Vi har ei vel fungerande besøksteneste her i kyrkjelyden. Dei fleste av besøksvenane er frivilljuge medarbeidarar som brukar av si fritid til ei viktig teneste. Dei har teieplikt på lik linje med prestane.

De som av ein eller annan grunn ikkje kjem dykk til kyrkje kan få besøk av prestane.

Soknebod

Jesus innstifta sjølv nattverden då han åt sitt siste påskemåltid saman med disiplane sine. Medan dei heldt måltid, tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa: «Ta imot, dette er min kropp.» Og han tok eit beger, takka og gav dei, og dei drakk alle av det. Og han sa til dei: «Dette er mitt blod, pakt-

blodet, som blir aust ut for mange. Mark. 14,22-24. Vi treng Jesus alle saman. I nattverden kjem Jesus oss konkret i møte med sin kropp og sitt blod i form av brød og vin. Nattverden er for alle. Vi treng nattverden med jamne mellomrom for det kan vere trosstyrkjande. Alle stiller vi likt når det gjeld nattverden. De som ønskjer nattverd kan kontakta prestane som kan koma heim til deg med nattverd.

Sjelesorg

Mange kjem i løpet av livet bort i åndelege spørsmål om tru og tvil. Da kan det vere godt å få drøfta dei spørsmåla man sit med nokon. Ein slik samtale om åndelege spørsmål gjev ikkje nødvendigvis klare svar, men kan vere til hjelp for den vidare prosessen som følgjer av slike spørsmål. De som har åndelege spørsmål om tru og tvil, som de kan tenkje dykk å drøfta med nokon, kan ta kontakt med prestane.

Andaktsliv

Bibellesing, andakt og forbøn er viktige for den kristnes andelege liv. Bibelen er kristendommens fundament. Bibellesing kan ikkje overvurderast. Ein treng daglig åndeleg føde. Ein fin ting med bibeltekstane at dei ofte har noko nytt å gje oss, sjølv om ein har lest same teksten mange gonger før. Daglig andaktslesing er ein god åndeleg oppbyggeleg ting å gjere. Ja, det kan vere fint å sjå korleis andaktskrivaren tolkar teksten som andakta tar utgangspunkt i. Ein andaktsstund saman med nokon som kan koma på besøk kan vere godt. Dei av dykk som av ein eller annan grunn ikkje kan koma til kyrkje kan ta kontakt med prestane for å få ei andaktsstund av og til.

De er ikkje til bry om de kontaktar diakoninemnda eller prestane for vi er til for dykk. Ver frimodige ta kontakt.

OSTERNES BEDEHUS

07.01.	19.00	Julefest
18.-22.01.	19.30	Møteveke indremisjonen
29.01.	19.30	Sunnhordlandsaksjonen NMS
15.-17.02.	19.30	Møteveke NLM
22.02.	19.30	Møte Muslimmisjonen
18.03.		Basar

STRANDA BEDEHUS

26.01.	19.30	Sunnhordlandsaksjonen NMS
--------	-------	---------------------------

SKATTEFRITAK FOR GÅVER

Dersom du ynskjer skattefritak for gaver du har gitt til Fitjar kyrkje i året som gjekk, må kyrkjekontoret få melding om det så snart som råd.



Frå lysmessa på Fitjar bedehus 27. nov.

Foto: Torbjørn Hovland



EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)
E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09

www.rydland.as post@rydland.as

Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar



joker
- Rydland 53 49 74 40

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16
Ons-tor: 9-18
Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER

Mån,tirs,fre..... 9-16
Ons,tors..... 9-18
Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren
hos oss!

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123



GRONAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
975 02381



Mobilnr: 951 89950



Port Steingard AS
v/Johs Sandvik
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



Fitjar
Bygdekvinne

Susflidskrona

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00
*
53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar
Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Videoen
Kiosk**



Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro
og catering

48 04 19 09



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar



Fitjarsjøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70
E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com



- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555



Opningstider:

Måndag - onsdag 09.00 - 16.30
Torsdag - fredag 09.00 - 18.00
Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner



Syng med oss !

OSTERNES MANNSKOR



Slekters gang

Døpte:

29. oktober:

Emilie Navdal Vik, Stord kyrkje

20. november:

Viljar Hovstad Viken

27. november:

Dennis Gloppen Nesbø

Emrik Bjellebø Helland

Vigde:

29. oktober:

Marit Navdal og Helge Vik,
Stord kyrkje

03. desember:

Ineke de Vreede og Andreas Meling

Jordfeste:

Marta Tufteland

f: 12.03.1925 d: 24.10.2016

Hilda Botilda Berrefjord

f: 05.12.1923 d: 28.10.2016,

Flekkefjord

Helge Hovstad

f: 01.01.1946 d: 03.12.2016

Ingolf Strand

f: 15.08.1920 d: 07.12.2016



Gudstenesteliste

Lau.	24.12.	13.00, 14.30 og 16.00	Familiegudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Søn.	25.12.	12.00	Hovedgudstjeneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen og sokneprest Olav J. Oma, Osternes mannskor og kyrkjekoret deltek. Takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i NMS.
Mån.	26.12.	11.00	Øvrebygda bedehus, Hovedgudstjeneste med nattverd ved sokneprest Olav J. Oma. Takkoffer til Øvrebygda bedehus.
Lau.	31.12.	23.00	Fitjar kyrkje, Hovedgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma.
Søn.	01.01.	12.00	Hovudgudsteneste, Oma og Overweg. Takkoffer Den Norske Israelsmisjon.
Tor.	05.01.	20.00	Kveldsbøn
Søn.	08.01.	11.00	Hovudgudsteneste med konfirmantar, Lydersen, Oma og Overweg. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Tor.	12.01.	19.30	Jubileumsquiz
Søn.	15.01.	11.00	Hovudgudsteneste, Oma og Overweg. Takkoffer til Sjømannskirken.
Søn.	22.01.	11.00	Hovudgudsteneste, Oma og Overweg. Takkoffer til Sunnhordlandsaksjonen NMS.
Tor.	26.01.	19.30	Temakveld, salmekveld med Osternes mannskor
Søn.	29.01.	11.00	Hovudgudsteneste, Lydersen og Overweg. Takkoffer til Stefanusalliansen.
Tor.	02.02.	20.00	Kveldsbøn
Søn.	05.02.	11.00	Hovudgudsteneste, Oma og Overweg, Takkoffer til kyrkjelydsprest.
Tor.	09.02.	19.30	Luther med latter
Søn.	12.02.	11.00	Hovudgudsteneste, med 11-åringar, Fyllingen, Oma og Overweg. Takkoffer til Gå ut senteret, Normisjon.
Søn.	19.02.	11.00	Hovudgudsteneste, Oma og Overweg. Takkoffer til Misjonsalliansen.
Tor.	23.02.	19.30	Temakveld Egil Svartdahl
Søn.	26.02.	11.00	Hovudgudsteneste, Lydersen og Overweg. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Tor.	02.03.	20.00	Kveldsbøn
Søn.	05.03.	11.00	Hovudgudsteneste, Lydersen og Overweg. Takkoffer til Stiftelsen Korsvei.
Søn.	12.03.	11.00	Hovudgudsteneste med Tårnagentar, dei som fyller 9 år i år, Oma og Overweg. Takkoffer til Karmsund krins av Søndagsskulen.